

## Læreplan i Vg3 naturforvaltning

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 6. mai 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 naturforvaltning handlar om korleis vi menneske har forvalta naturressursane i fortida, korleis vi forvaltar dei no, og korleis vi kan forvalte dei i framtida. Dette femnar òg naturforvaltning i samiske område. Faget skal gi elevane kompetanse som er nødvendig for å kunne forvalte naturressursane på ein måte som sikrar livsgrunnlaget vårt i framtida. Faget skal òg sikre at naturbaserte næringar utøver verksemda si på ein måte som tek omsyn til produksjonsgrunnlaget.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 naturforvaltning skal bidra til å utvikle respekt for natur og naturressursar, som eit felles livsgrunnlag for menneska på jorda. Det skal fremje etisk medvit og kritisk tenking rundt bruken vår av naturen og inspirere til engasjement og utforskartrøng. Faget skal òg gi innsikt i tradisjonar og mangfald når det gjeld bruk av natur, og korleis bruk av natur har skapt lokal kultur og identitet. Vidare skal faget leggje eit grunnlag for forståing av og deltaking i dei demokratiske prosessane som berekraftig forvaltning er avhengig av.

### Kjerneelement

#### Naturgrunnlaget og verda vår

Kjerneelementet naturgrunnlaget og verda vår handlar om dei dominerande økosystema i Noreg og i verda og korleis dei har endra seg på grunn av naturgitte faktorar, eigarforhold og menneskeleg aktivitet gjennom historia. Det handlar òg om korleis samspelet mellom menneske og natur har lagt grunnlag for busetnad, næringsdrift og annan naturbasert aktivitet. Vidare handlar kjerneelementet om korleis naturforvaltning kan vere årsak til konflikhtar, kamp om ressursar og humanitære katastrofar.

#### Kartlegging og tiltak

Kjerneelementet kartlegging og tiltak handlar om å skaffe informasjon om ulike naturressursar. Det handlar om å kartleggje og å gjere undersøkingar i felten, og om parametrar som kan gi informasjon om statusen til ein naturressurs. Kjerneelementet handlar òg om bruk av offentlege planverk og eksisterande forskingsresultat. Vidare handlar det om tolking og formidling av ulike resultat og data. Det handlar òg om vurdering og gjennomføring av tiltak som kan bidra til ønska utvikling i eit område.

## Fotavtrykk frå mennesket i naturen

Kjerneelementet fotavtrykk frå mennesket i naturen handlar om nytte- og eigenverdien til naturen og kva målet om økologisk og økonomisk berekraft betyr for framtidig næringsdrift og samfunnsutvikling. Det handlar vidare om ressursbruk, miljøutfordringar, klimaendringar og andre endringar i lokale og globale økosystem.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I vg3 naturforvaltning handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om korleis aktivitetar og opplevingar i naturen kan vere ein ressurs for fysisk og psykisk helse. Det handlar om bruk av naturen til jakt, fiske og sinking og om verdien slik bruk av naturen har for folkehelse og livskvalitet. Vidare handlar det om korleis vi kan ta vare på og utvikle areal- og naturressursar som ei kjelde til folkehelse og livsmeistring på kort og lang sikt, og samstundes ta omsyn til den eigenverdien naturen har.

### Demokrati og medborgarskap

I vg3 naturforvaltning handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om korleis vi forvaltar naturen gjennom demokratiske prosessar. Det handlar om lover, avtalar og tradisjonar som gir individ og grupper rettar og plikter knytte til bruken av dei felles naturressursane våre både lokalt og globalt. Det tverrfaglege temaet handlar vidare om deltaking i politiske forum og om å fremje eigne synspunkt, respektere usemje og handtere meiningsbrytingar.

### Berekraftig utvikling

I vg3 naturforvaltning handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å verne om livet på jorda og å dekkje behova til menneska som lever i dag, utan at det går ut over moglegheitene dei kommande generasjonane har til å dekkje sine behov. Det handlar om økologisk og økonomisk berekraft i naturbasert næringsdrift, om korleis klimaet og miljøet blir påverka av utviklingstrekk i samfunnet, og om korleis bruk av teknologi gir både moglegheiter og utfordringar i eit naturforvaltningsperspektiv. Vidare handlar det om å gi elevane grunnlag for å gjere etiske vurderingar og handle miljøbevisst.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 naturforvaltning inneber å forklare og grunngi val, argumentere for eit standpunkt og delta i diskusjonar. Det inneber òg å lytte aktivt til andre og å presentere fagkunnskap munnleg på ein presis måte tilpassa mottakar og formål. Vidare inneber det å bruke fagspråk i drøfting av og refleksjon over faglege emne.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 naturforvaltning inneber å dokumentere eit utført arbeid og strukturere og skrive rapportar. Det inneber òg å bruke fagspråk i skriftlege saksframstillingar og å tilpasse tekstar til mottakar og formål. Vidare inneber det å utforske og reflektere over faglege emne og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

### Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 naturforvaltning inneber å hente inn informasjon frå saksdokument, fagstoff, regelverk og kart. Vidare inneber det å følgje og vurdere debattar om fagfeltet i ulike medium. Det inneber òg å kritisk vurdere kjelder og informasjon og å vurdere ulike perspektiv i og formål med tekstar.

### Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 naturforvaltning inneber å finne, observere, måle og vurdere biologiske, fysiske og kjemiske parametrar. Å kunne rekne inneber òg å tolke tabellar, diagram og statistikk og å behandle og presentere talmateriale i tabellar og grafiske framstillingar på ein formålstenleg måte.

### Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 naturforvaltning inneber å samle inn og registrere data, analysere og handtere resultata og presentere dei digitalt. Vidare inneber det å bruke digitale ressursar, databasar og informasjonssystem, medrekna geografiske informasjonssystem, til å samle informasjon, og å vere kritisk til kjeldene informasjonen kjem frå. Det inneber òg å bruke digitale verktøy til kommunikasjon og informasjonshandtering i forvaltningsprosessar. Det å utvikle etisk medvit og vise digital dømmekraft inngår òg i digitale ferdigheiter.

## Kompetansemål og vurdering

### Kompetansemål og vurdering vg3 naturforvaltning

#### Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske og beskrive sentrale artar, biotiske og abiotiske faktorar og biologiske prosessar i lokale eller globale økosystem
- drøfte korleis synet på og bruken av natur som livsgrunnlag og til rekreasjon har endra seg over tid og i samspel med lokal kultur og identitet
- gjere greie for korleis beiting i utmark påverkar natur og biologisk mangfald, og reflektere over korleis rovviltforvaltninga verkar inn på norsk og samisk næringsaktivitet og kultur
- kartleggje artar, naturtypar eller naturressursar, og planleggje og gjennomføre eit tiltak som kan medverke til ei ønskt utvikling
- drøfte korleis menneskeleg aktivitet kan påverke lokale eller globale økosystem
- reflektere over korleis artar og område blir forvalta av grunneigarar og offentlege myndigheiter på ulike nivå
- beskrive korleis forvaltningsplanar for artar og område blir utarbeidde og utforske korleis dei blir brukte
- beskrive hovudtrekka i offentleg arealplanlegging og drøfte korleis ein tek omsyn til ulike brukar- og eigarinteresser
- gjere greie for hovudtrekka i og drøfte formålet med nasjonalt regelverk og internasjonale avtalar som gjeld forvaltning av natur
- presentere lokale, regionale eller globale miljøproblem og drøfte ulike løysingar
- drøfte korleis berekraftig næringsverksemd, naturvern og friluftsinnteresser kan samordnast i eit område, kva etiske dilemma og interessekonfliktar som kan oppstå, og korleis dei kan løysast
- utforske og vurdere korleis bruk av natur kan bidra til betre fysisk og psykisk helse
- gjennomføre idemyldringsprosessar for å utvikle opplevingsbasert næringsaktivitet og reflektere over korleis aktiviteten kan gjennomførast på ein berekraftig måte
- gjere greie for omgrepet sirkulær økonomi og drøfte korleis sirkulær-økonomiske omsyn kan bidra til berekraftig naturforvaltning
- presentere ei produksjonsbedrift og utforske korleis naturbaserte materiale kan erstatte produkt med stor klimabelastning

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget vg3 naturforvaltning når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget vg3 naturforvaltning. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i programfaget vg3 naturforvaltning ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i programfaget vg3 naturforvaltning basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

# Vurderingsordning

## Standpunktvurdering

Vg3 naturforvaltning: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

## Eksamen for elevar

Vg3 naturforvaltning: Eleven skal opp til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

## Eksamen for privatistar

Vg3 naturforvaltning: Privatisten skal opp til ein skriftleg og ein munnleg eksamen. Eksamenane blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.